

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Vår dato: 06.03.2019
Vår ref.: 201301429-51
Arkiv: 313
Dykkar dato:
Dykkar ref.:

Sakshandsamar:
Silje Aakre Solheim
22959544/saas@nve.no

Vedtak om ny byggefrist for industrivassforsyning til Mongstad i Lindås kommune, Hordaland

NVE viser til brev frå Lindås kommune av 15.1.2019, der det blir søkt om forlenga byggefrist for industrivassforsyning til Mongstad.

Lindås kommune fekk i vedtak av 8.3.2016 løyve frå OED etter vassressurslova § 8 til bygging og drift av industrivassforsyning til Mongstad. Konesjonen fell bort dersom arbeidet ikkje vert sett i gang innan ein frist på tre år frå konesjonen vart gitt. NVE som vassdragsmyndigheit kan forlenge fristen ein gong med inntil tre nye år jf. vassressurslova § 27.

Dette er eit omfattande prosjekt med fleire delar. Planlegginga har difor teke tid, og Lindås kommune rekk ikkje å starte på arbeidet før fristen for oppstart går ut.

Vurdering

Vi har gjort søk i Naturbase og Artskart den 1.3.2019 og kan ikkje sjå at det har komme nye opplysningar som er til hinder for å forlenge løyvet. Søknaden er komme inn innan fristen, og det vil vere i tråd med gjeldande praksis å gje utsetting av byggefristen.

NVE sin konklusjon

Byggefristen vert forlenga med tre år fram til **8.3.2022**. Vilkår er elles dei same som vart gitt i løyve av 8.3.2016.



Klage

Denne avgjerda kan påklagast til Olje- og energidepartementet av partar i saka og andre med rettsleg klageinteresse innan 3 veker frå det tidspunktet denne underretninga er kome fram, jf. forvaltningslova kap. VI. Ei eventuell klage skal grunngjevast skriftleg, stilast til Olje- og energidepartementet og sendast gjennom NVE. Vi ønskjer elektronisk innsending til vår sentrale e-postadresse nve@nve.no.

Med helsing

Rune Flatby
direktør

Gry Berg
seksjonssjef

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Kopi til:

Fylkesmannen i Vestland
Hordaland fylkeskommune
Lindås kommune v/John Bauge